

Språkhistorie og symbolmakt

Ikkje alt er kjent. Derfor trengst det ein gjennomgang av nokre sentrale hendingar i norsk språkhistorie – ein ideologikritisk «arkeologi» (for å tale med Foucault). Det skal eg gjere ved å framheve fem hendingar som har vori avgjerande for den norske språksituasjonen – fem hendingar som kvar på sitt vis er underkommuniserte i undervisningssamanheng og i det offentlege ordskiftet, fem hendingar i norsk språkhistorie som for mange er relativt ukjende og som berre sjeldan blir framheva og omtala på ein endefram måte. (i) Det gjeld språkparagrafane i Grunnlova av 4. november 1814, som uttrykk for statleg definisjonsmakt, med vidtrekkande implikasjonar. (ii) Det gjeld den stegvise fornorskinga av det danske skriftspråket, som først skaut fart lenge etter 1814. (iii) Det gjeld konfirmasjonsundervisninga ut frå Pontoppidans forklaring av Luthers katekisme, ei danskspråkleg disiplinering av all norsk ungdom i over 150 år, i statskyrkjeleg regi. (iv) Det gjeld marknadskreftene i bokbransjen på slutten av 1800-talet, då norsk forfattarar i hopetal, Ibsen og Bjørnson medrekna, utgav bøkene i København, på dansk. (v) Og det gjeld Foreldreaksjonen (etter andre verdskrig) til fordel for dansknære former i språket, ein velorganisert og implikasjonsrik aksjon som reiser interessante spørsmål om organisering og finansiering og om bruk av sosial kapital og retorisk definisjonsmakt, men som aldri vart gjort til gjenstand for samfunnsvitskapleg forsking – kvifor?

(i) Språkkuppet i Grunnlova av 4. november 1814

I den endelege versjonen av Grunnlova, som vart forhandla fram utpå hausten i 1814, er det fleire paragrafar som omtalar «det norske Sprog» (§ 33, 47, 81). Det vart m.a. grunnlovsfesta at «Alle Love udfærdiges i det norske Sprog» (§ 81). Slik vart dansk definert som norsk. Eit språkleg «kupp», for å sitere historikaren Øystein Sørensen.¹

Dei gav seg ikkje med det: Denne språkbruken fekk støtte frå det nyopprettet kgl. Fredriks universitet (i 1815), der konklusjonen var klar, men merkeleg: Dansk i Danmark er dansk, men dansk i Noreg er norsk! Kvifor? Kva var argumentet? Det vart vist til at nordmenn i lang tid har brukt dette skriftspråket og at nordmenn har vori med å utvikle det danske skriftspråket. Greitt nok (jf Ludvig Holberg). Men det same kan seiast om engelsk i Irland;² men irane kallar ikkje engelsk for irsk når det blir brukt i Irland.³ Så her er det noko som ikkje stemmer.

Kva var det som gjekk av dei? Kva var poenget med denne snodige definisjonen, dette «språkkuppet» i 1814? På politisk hald var det klare strategiske grunnar for å kalle språket i Grunnlova av 4. november 1814 for norsk: Unionen var no eit faktum, med Sverige som den sterke part. Då var det viktig å stå imot, også språkleg. Frå norsk side var det frykt for at svensk språk skulle erobre landet, dels som følgje av svensk ambisjonar og dels fordi mange norske dialektar står nærmare svensk enn dansk. Derfor var det viktig å grunnlovsfeste at lovspråket *ikkje* skulle vere svensk.⁴ Det var poenget. Ikkje svensk.

Men kvifor kunne dei ikkje kalle ein spade ein spade? Kvifor ikkje kalle dansken dansk? Riksmålsaktivisten Finn-Erik Vinje formulerer det slik: «Etter begivenhetene i 1814 gikk det anstendigvis ikke an å snakke om dansk som offisielt språk i Norge.»⁵

Ettersom dei norske forhandlarane ikkje hadde eit norsk skriftspråk (gamalnorsk hadde ikkje vori i bruk på lang tid), valde dei å halde på dansk og kalle det norsk. Forståeleg nok, der og då.⁶

Men dette språklege krumspringet skulle bli implikasjonsrikt, heilt fram til vår tid.⁷ For, denne definisjonen gir uttrykk for det dominerande synet i lang tid framover, enkelt sagt: *kall det norsk, og hald det dansk!*⁸ På den eine sida, unngå å kalle dansken dansk! (Då heller nemningar som «Modersmaalet» eller «vort almindelige Skrift- og Bogsprog».⁹) På den andre sida, hald dansken rein for norske innslag! Unngå å fornorske dansken!

(ii) *Fornorskinga av det danske skriftspråket – så seint, og så nødig*

Men det er ikkje slik språkhistoria til vanleg blir framstilt no i ettertid, etter at dansken gradvis er blitt fornorska. No i ettertid blir dette avgjerande tidspunktet i norsk språkhistorie som oftast omtala som om ønsket om å fornorske det danske skriftspråket var *main stream* og at fornorskingsarbeidet kom i gang rimeleg kjapt etter 1814. Det blir gjerne vist til Henrik Wergeland og det han sa og gjorde tidleg på 1830-talet, og til Knud Knudsen noko seinare. I ei lærebok i norsk for vidaregåande skule kan vi lese dette:

«De fleste var enige om at vi trengte et eget norsk språk etter frigjøringen fra Danmark. Spørsmålet var bare hvordan man best kom fram til dette nye språket. Det var særlig tre muligheter eller metoder som ble diskutert: 1. beholde dansk som skriftspråk i Norge, 2. fornorske det danske skriftspråket over tid ved å ta inn norske ord og vendinger og skrive språket i samsvar med uttalen, 3. finne et nytt, norsk språk med utgangspunkt i gammelnorsk.¹⁰ Den første modellen ble avvist av de fleste, men de to andre danna grunnlaget for det vi nå kaller den norske språkstriden.»¹¹

Når ein les slikt, kan ein få inntrykk av at det umiddelbart etter 1814 var brei semje om å fornorske det danske skriftspråket, og at vegen dermed var staka ut, fram mot noko i retning

av det bokmålet vi har i dag.¹² Men slik var det ikkje. Snarare tvert om. Det rådande synet støtta *status quo*, det å halde fram med dansk som skriftspråk. Dette var det dominerande standpunktet etter 1814 og i lang tid framover.

I den samanhengen var Henrik Wergeland ein marginal figur. Det er folk som P. A. Munch som stod for det dominerande synet: at dansken ikkje bør (og ikkje kan) fornorskast.¹³ Rett nok, på 1840- og 1850-talet kom Knud Knudsen (i konkurransen med Ivar Aasen, og i opposisjon til P. A. Munch) med sitt «dansk-norske sprogstrev»: eit program for gradvis fornorskning.¹⁴ Rett nok, i 1862 vart skriftbiletet noko forenkla: *f* for *ph*, *k* for *ch*, *hus* for *huus*, *li* for *lie*.¹⁵ Og det vart slutt på fleirtalsbøyning av verb og stor forbokstav på substantiv,¹⁶ slik det også vart gjort i dansk og svensk. Men det var først ved rettskrivingsendringane i 1907¹⁷ og 1917 at fornorskninga av det danske skriftspråket skaut fart, og då under press frå landsmålet og målrørsla som hadde stor framgang på slutten av 1800-talet og framover på 1900-talet.¹⁸

Så seint som i 1899, same året som nemninga «riksmål» blir lansert, uttala Bjørnson at «Jeg ser det som et Gode, at vi deler Skriftspråk med Danskerne». ¹⁹

Skilsmissa kom seint. Den første parallelle bokutgivinga av same bok, éi på dansk og éi på dansk-norsk, kom først i 1919,²⁰ over hundre år etter 1814 og på terskelen til mellomkrigstida.²¹ Fornorskingsprosessen fram mot 1917-rettskrivinga hadde då fjerna «vort almindelige Skrift- og Bogspråk» så langt frå det danske skriftspråket at forlagsbransjen rekna dei to som to språk.²² Så seint, og så nødig.

Det unike: fornorskning av dansk

I 1814 stod vi framfor ulike strategiske val med tanke på skriftspråk: (i) Ein kunne halde fram med dansk. Å halde fram med koloniherrens språk er ein velkjend strategi for tidlegare koloniar som er blitt sjølvstendige – fransk i Senegal og engelsk i Nigeria. I norsk samanheng var det endå meir nærliggjande, ettersom dansk er eit nærskyldt språk. Og som nemnt, etter 1814 og i lang tid framover var dette den dominerande strategien. (ii) Ein kunne velje å gå tilbake til gamalnorsk. Prinsipielt var det mogleg. Israel valde å revitalisere hebraisk, eit urgamt liturgisk språk. Og dei makta overgangen til ei moderne tid, med kjernefysikk og popkultur. Men situasjonen for dei jødiske settlerane var heilt spesiell. Eit tilsvarande val var knapt realistisk i norsk samanheng (jamvel om ein kunne ha gjort felles sak med islendingane). (iii) Ein kunne ha valt å gå over til svensk. Unionen var eit faktum. Mange norske dialektar står svensken nær. Men, som nemnt, av politiske grunnar var ikkje dette eit alternativ for den norske eliten. (iv) Så kunne ein ha valt å registrere og formulere eit moderne

norsk skriftspråk ut frå norske dialektar. Ein tilsvarende strategi er vald i mange land, både i Europa og andre stader (t.d. færøysk, makedonsk og slovakisk²³). Og det var dette Ivar Aasen gjorde. Ingenting spesielt ved det.²⁴ (v) Men så var det endå eit alternativ. Ein kunne gå inn for å fornorske det danske skriftspråket, steg for steg. Og slik vart det, omsider. Men dette er spesielt, eit unikt prosjekt. Det finst ikkje maken. Ingen har tenkt tanken om å ukrainisere det russiske skriftspråket steg for steg, for så å kalle resultatet ukrainsk.

Det at eit skriftspråk gradvis kan forandrust på denne måten, slik at det etter kvart blir eit nytt språk, er heilt eineståande. At denne strategien omsider vart vald og gjennomført, kan berre forklarast ut frå eit sett av særegne vilkår – sosiale og politiske forhold så vel som forholdet mellom språka. Kort sagt, det er bokmålet som er det uvanlege og spesielle, ikkje nynorsken.²⁵

(iii) Konfirmasjon og språkleg disiplinering i statskyrkjeleg regi

På 1730-talet fekk Erik Pontoppidan i kongeleg oppdrag å skrive ei forklaring til Luthers katekisme, til bruk ved konfirmasjon.²⁶ Boka *Sandhed til Gudfrygtighed*, med 759 spørsmål og svar, kom ut i 1737 og vart den mest brukte læreboka i Noreg i 150 år. Full tittel: *Sandhed til Gudfrygtighed, udi en eenfoldig og efter Muelighed kort dog tilstrekkelig Forklaring over Sal. Doct. Morten Luthers Liden Catechismo, Indeholdende alt det, som den, der vil blive salig, har behov, at vide og giøre. Paa Kongelig allernaadigst Befalning, til almindelig Brug*. Dette var alvor: Den som ikkje kunne svare for seg under prestens eksaminasjon på kyrkjegolvet, med heile kyrkjelyden som tilhøyrar, måtte gå opp på nytt.²⁷ Den som ikkje vart konfirmert, kunne ikkje gifte seg. (Dette er før prevensjonen.) Så her har vi disiplinering av folket, i statleg regi, med mange former for makt, frå stat og klasse til skam og seksualitet.²⁸

Men samtidig er dette ei opplæring i å lese. Og når folk tar til å lese, veit ein ikkje kva dei kan finne på å lese, og kva dei kan finne på å meine. I så måte er dette ei frigjering, ei kulturell modernisering,²⁹ slik vi ser det hos haugianarane og dei andre folkelege rørslene utover på 1800-talet.³⁰

Obligatorisk konfirmasjon og Pontoppidans danskspråklege forklaring, som skulle lærast ordrett – dette er viktige saker, også språkhistorisk: Her blir all norsk ungdom drilla og disiplinert i dansk språk, i skrift og tale, frå 1730-talet og i lang tid framover³¹ Ei skilsetjande hending i norsk språkhistoria, men sjeldan omtala i den samanhengen. Men så passar det heller ikkje inn i forteljinga om fri språkutvikling, utan statstvang og klassemakt.

(iv) *Marknadsmakt og bøker*

På 1800-talet var det fordelaktig for norske forfattarar å utgi bøkene i Danmark. Det sikra eit større publikum, og betre inntekter. Ifølgje den danske historikaren Ole Feldbæk var det så mange som 90 norske forfattarar som publiserte på danske forlag i perioden frå 1850 til 1890.³² Det omfatta «dei fire store», Ibsen, Bjørnson, Kjelland og Lie, men også Amalie Skram og mange andre.³³

Tilsvarande tal finn vi hos Jens Arup Seip,³⁴ som dessutan siterer Nils Collett Vogt: “En bok trykt i forfatterens hjemland var i hine tider (i 1880-90-årene) et misfoster, dømt til å bli usolgt og ulest.” Seip legg til: “Først i mellomkrigstiden ble frigjøringen (som det vel kan kalles) fra Danmark fullbyrdet”.

Marknadskreftene var eintydige. Den som ville leve av å skrive, måtte skrive på dansk og publisere i Danmark. Dette er bakteppet då Bjørnson i 1899 formulerte seg slik: “Jeg holder det for et Gode, at vi deler Skriftspråket med Danskerne.”³⁵ Ikkje vanskeleg å forstå, gitt marknadskreftene. Men likevel, ei påfallande utsegn, fordi det uttrykkeleg blir slått fast at det dominante skriftspråket i Noreg på den tid var dansk. Og det skjer same året som Bjørnson er med å lansere nemninga «riksmål» for dette skriftspråket, som symbolsk mottrekk mot landsmålet og målrørsla i sterkt framgang.³⁶

(v) *Foreldreaksjonen for eit dansknært språk*

På hausten 1949 kom ein vennekrysset av foreldre i Oslo og Bærum saman for å protestere mot språket i lærebøkene³⁷ - ikkje minst mot hokjønnsformer, som er vanlege i folkeleg tale,³⁸ men ikkje finst på dansk. «Foreldrebevegelsen i sprogsaken» vart etablert. I 1951 slutta Riksmålsforbundet seg til, og «Landskomiteen for Foreldreaksjonen mot samnorsk» vart oppretta. Foreldreaksjonen var aktiv på fleire plan, og med stor effekt. Ein underskriftkampanje i 1953 gav 407.119 underskrifter.³⁹ Same år vart det sett i verk ei «retting» av språket i lærebøkene. I forlenging av dette vart dei såkalla samnorskbøkene brende på bål, 10-15 år etter andre verdskrig.⁴⁰

Foreldreaksjonen er eit interessant fenomen. Ikkje fordi det fanst folk som meinte at fornorskinga hadde gått for langt. Ettersom det er slik at det danske skriftspråket gradvis vart fornorska, særleg ved rettskrivingsendringane i 1907 og 1917, er det forståeleg at det rår ulike syn på kor langt fornorskingsprosessane skal gå, og også med tanke på den sosiale

forankringa for språknormeringa. Kulturstriden omkring nasjon og klasse er velkjend frå 1800-talet. Det interessante er dette: at riksmålsaktivistane fekk så stort gjennomslag, og så langvarig; at riksmålsaktivistane ikkje innsåg (eller ikkje brydde seg om) at dei samtidig såra og stigmatiserte folk som bruker ord og former som riksmålsaktivistane oppfatta som ufyllelege og vulgære;⁴¹ og at riksmålsaktivistane ikkje ville (eller kunne) innsjå at det finst mange slags makt, ikkje berre i staten og hos dei folkevalde, men også i marknaden, i sosial status og i sosiale nettverk, og som definisjonsmakt.⁴²

Her er mange interessante problemstillingar for samfunnsvitskapleg forsking: Korleis var aksjonen organisert? Korleis gjekk dei fram? Kva for sosial og yrkesmessig bakgrunn hadde aktørane?⁴³ Kva for nettverk vart aktiverte? Kva med kontaktar overfor forlag, avisredaksjonar, institusjonar i kulturlivet og politiske parti?⁴⁴ Kva med finansieringa? Når sentrale aktørar i næringslivet systematisk støtta publikasjonane til riksmåls forbundet (*Frisprog, Ordet*), var det då berre av språkpolitiske grunnar, eller var det også retta mot Arbeidarpartiet?⁴⁵ Kva med symbolmakt i form av sosial kapital, definisjonsmakt og markering av sosial status?⁴⁶ Og kva med retorikken?

Her skulle det vere nok å ta av, for ivrige forskrarar i sosiologi og andre samfunnsvitskapar. Men, nei – det finst knapt samfunnsvitskapleg forsking om Foreldreaksjonen.⁴⁷ Merkeleg. Tenk på alle tema om sosial makt og fordekt diskriminering som det er blitt forska på i norsk samfunnsvitskap, stolpe opp og stolpe ned. Men ikkje dette. Kvifor?

Det interessante er at dette ikkje vart oppfatta som interessant. Dét er i seg sjølv eit utfordrande sosiologisk spørsmål, retta til samfunnsforskarane.⁴⁸ Ikkje nok med det: Det er makt i det å få agere i fred, få agere politisk utan å bli gjort til gjenstand for forsking, for offentleg tilgjengeleg forsking. Øverland kom trygt frå det, med sine retoriske krumspring,⁴⁹ utan effektivt korrektiv. Foreldreaksjonen kom frå det meste, utan å bli gjort til gjenstand for samfunnsvitskapleg forsking.⁵⁰ Også bokbrenning kunne passere, til og med som overlagd politisk handling femti år seinare.⁵¹ Kort sagt, dei kunne utøve retorisk definisjonsmakt utan forskingsbasert korrektiv. Kva inneber dette, for oss i dag?

(vi) *Språklege krumspring*

Det unike ved den norske språksituasjonen er den stegvise fornorskinga av det danske skriftspråket. Det finst ikkje maken. Og dette er ein stridig prosess, med spenningar heile vegen: Kor langt skal det nye skriftspråket fjerne seg frå dansk skriftspråk? Kva for sosiale grupper og kva for regionar bør få bestemme normeringa?

Men ordet «fornorsking» blir sjeldan brukt: I 2014 vart endringsframlegga av den danske skriftforma i Grunnlova omtala som «modernisering», ikkje som fornorsking. I eksamensoppgåver for vidaregåande skule blir det sagt at danskspråklege tekstar av Ibsen, Bjørnson eller Skram er «tilrettelagt», eller «modernisert», ikkje at dei er fornorska. Og når forlaga gir ut tekstar av dei same forfattarane, står det at tekstane er «moderniserte», ikkje at dei er fornorska. Men også danskane kan «modernisere» danskspråklege tekstar av Amalie Skram og Henrik Ibsen, eller av Ludvig Holberg og Peter Dass. Skilnaden er den at når vi «moderniserer» Holberg og Ibsen, er det samtidig ei fornorsking. Men nesten ingen talar om fornorsking i slike samanhengar. Kvifor? Kvifor denne vegringa mot å tale om fornorsking?

I si tid kjempa Arnulf Øverland mot det han hånleg kalla «nednorsking»: «Og husk på at ‘bokmål’ er ikke noget sprog, men en chikane,... dette offentlige klovneri.»⁵² «Det er sinkenes babel...»⁵³ I den samanhengen siterer Øverland eit brev, for å illustrere statens språktvang og «bokmålets» elende. Men dette er ikkje eit brev *frå* staten, men eit brev *til* staten, skrivi av ein (ikkje namngitt) privatperson, som klagar på skatten (og som tydelegvis mislikar staten). Samtidig er det uklart korleis (og kvifor) nettopp Øverland har fått fatt i dette brevet.⁵⁴ Kort sagt, litt å ta tak i, for ein retorikkanalyse!

Lars Roar Langslet skreiv eit festskrift for Riksmålsforbundet, med tittelen «I kamp for norsk kultur» - ikkje «for norsk språk», rimeleg nok, for Riksmålsforbundet vart jo stifta til forsvar for eit dansknært språk, som reaksjon mot framgangen i norskdomsrørsla; og i dette festskriftet omtalar Langslet dette merkelege privatbrevet som «et offentlig ‘skriv’» og Øverlands retoriske krumspring som «et agitatorisk mestergrep». «Bokmål og samnorsk ble heretter jevnbyrdige navn på det riksmålsbevegelsen bekjempet.»⁵⁵

Per Petterson er ein forfattar med eit suverent språk, og eit levande bevis på at riksmålsaktivistane, med Øverland i brodden, tok skammeleg feil då dei stempla «bokmålet» som «ubrukbart» og «vulgært». Til påminning: Per Petterson fekk Språklig samlings pris 1993, Oktoberprisen 1996, Brageprisen 2000 og 2008, Klassekampens litteraturpris 2003, Bokhandlarprisen 2003 og 2012, Kritikarprisen 2003 og 2008, Nordisk Råds litteraturpris 2009, Gyldendals litteraturpris 2013, Independent Foreign Fiction Prize 2006, Le Prix

Littéraire Européenne Madeleine Zepter 2006, Le Prix Mille Pages 2006, International IMPAC Dublin Literary Award 2007, Prix des Lecteurs de Littérature Européenne 2007. Han er omsett til 50 språk.

Fram mot 2005 ivra riksmålsrørsla for å få oppheva skiljet mellom kjerneformer og klammeformer i bokmålet. Målet var klart: Det måtte bli tillatt å bruke fleire dansknære former, t.d. ved at alle norske hokjønnsord skulle kunne omgjerast til felleskjønn – «kuen», «huldrøn», «merren», «hurpen», «våronnen», «på fyllen», «ta rotten på», etc. Men dette førte til at bokmålet fekk ei uhorveleg mengd med dobbeltformer. Ironisk nok. For tilhengarane av bokmål med dansknære former har alltid kjempa for ei stram norm. Og dei har kritisert nynorsken for å vere vanskeleg fordi det der var for mange valfrie former (før 2012). Men etter fri-sleppet for dansknære former i bokmålet i 2005, er det bokmålet som formelt sett har fått eit vilt kaos av lovlege former. For eksempel, ta nynorsksetninga: «ei lita jente kasta dokka si djupt ned i graset på framsida av løa der kua beita». Det er berre éin måte å skrive denne setninga på, på nynorsk. Kor mange måtar på bokmål, formelt sett, etter fri-sleppet? Svar: to i trettande potens. Altså, 8.192 - åttetusen eitt hundre og nittito. Kort sagt, bokmålnormalen er i dag så vid at det opnar for eit vilt kaos. Det opnar for at bokmål kan framstå som to målformer: Kåre Willochs språk og Per Pettersons språk.

Derfor er det tilslørande når Trond Vernegg, formann i Riksmålsforbundet, i *Klassekampen* 21. april 2014, talar om «riksmål/bokmål» som eitt harmonisk språkfellesskap. Så enkelt var det ikkje og så enkelt er det ikkje.

For bokmålet er det no to vegar å gå: anten å stramme inn på bokmålnormalen, t.d. slik at vanlege hokjønnsformer - kua, øya, hytta etc. – blir éineformer, eller å skilje mellom «bokmål» og «bokmål med dansknære former», som to målformer.

Dessutan, det er mogleg å elske nynorsk, og likevel – i god tru – føre ein politikk som undergrev nynorsken. Det er schizofrent. Men det er mogleg. Politisk schizofreni er mogleg, her som elles. Men om Vernegg og Riksmålsforbundet verkeleg bryr seg om nynorsken som «en viktig del av vår kulturarv og kultur og viktig[] for vårt samfunnsliv»,⁵⁶ bør dei ta seg bryet med å lese «Mellom nøytralitet og språksikring» av Eli Bjørhusdal, der det blir gitt grunnar for aktiv sikring av nynorsken – under føresetnad av at ein meiner at nynorsk er ein viktig del av vår kulturarv og kultur, og viktig for vårt samfunnsliv.

Til slutt

Og så, i ettertankens forsonande lys, kan det vere grunn til å ta innover seg at alle skandinaviske språk, i samtid og fortid, er våre språk, vi som er så heldige at vi får vekse opp i denne delen av verda, i denne tida. Det er alt vårt, frå Ibsen til Garborg, frå norrøne sagaer til Per Petterson, frå Selma Lagerløf og H. C. Andersen til Haldor Laxness og Piet Hein, og mangt meir. Takk for det.

¹ Øystein Sørensen 2001.

² Eller engelsk i India, jf Rushdie.

³ Eg spurde den irske ambassadøren om ho var god i irsk. Ho drog på det. For henne var det sjølvsagt at spørsmålet galdt irsk, ikkje engelsk.

⁴ Jf Ernst Håkon Jahr, 2014, s. 17-18.

⁵ Jf <http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2004/2/Svesismer..>

⁶ Embetsstanden hadde sterke kulturelle og personlege band til Danmark. Der hadde dei studert. (Det kgl. Fredriks Universitet i Christiania opna i 1813.) Mange hadde dansk ektefelle. Mange var danske. Jf Feldbæk 1998, s. 390.

⁷ For eksempel, under ein diskusjon på Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen, om innføringa av menneskerettsparafrar i grunnlova, insisterte Inge Lønning (med emosjonell patos) på at språket i grunnlova er norsk.

⁸ Jf historikaren Øystein Rian 2009: 164-169. ”... de dansk-norske hadde særlig en aversion mot det svenske språket. De merket at de norske dialektene liknet mye mer på svensk enn på dansk, og de fryktet at det ville føre til et svensk-norsk språk. For å styrke det danske skriftspråkets legitimitet i Norge skyndte de seg med å kalle det for vekselsvis norsk eller modersmålet, og de inntok en puristisk holdning til enhver fornorsking av dette skriftspråket.”

⁹ Dette er nemningane i jamstillingsvedtaket frå 1885, der ein kvidde seg for å bruke nemninga «dansk». Samtidig var det uråd å bruke nemninga «norsk», for no hadde ein «det norske Folkesprog». Så då brukte ein nemninga «vort almindelige Skrift- og Bogsprog». Nemninga «bokmål», som arge riksmålsfolk fresar av (jf Arnulf Øverland, *Bokmålet – et avstumpet landsmål*), har i så måte ei forhistorie, ved den nemninga ein brukte i 1885, for å unngå å bruke nemninga «dansk» eller «norsk-dansk».

¹⁰ Dette må vere P. A. Munch, ikkje Ivar Aasen.

¹¹ Sitatet, som er forfatta av Ruth Vatvedt Fjeld, er henta frå læreboka *Spenn Vg3*, ved Jomisko, Moum og Texmo, 2008, s. 226.

¹² Tilsvarande desinformasjon, jf gåveboka for nye statsborgarar, *Velkommen som ny statsborger*, Arbeids- og inkluderingsdepartementet 2006, s. 22 (forgfatta av Øystein Sørensen): «I 1814 var skriftspråket dansk, og det fortsatte det å være i årene etter 1814 [!]. Mange [!] i den norske eliten så dette som høyst utilstrekkelig.»

¹³ Jf Jahr 2014: 30: "... Munch [*Norsk Sprøgreformation*, 1832] completely rejected the notion that it would be possible to alter written Danish so that it was more Norwegian without creating a state of complete linguistic chaos. Munch felt that written Danish in Norway should be kept as it was,...” *Ibid.* s. 31: “Munch’s primary concern was to keep the Danish standard as it was,... This view has been greatly under-represented in previous accounts of Norwegian language development,...”

¹⁴ Jf. *Haandbog i Dansk-Norsk Sprøglære* frå 1856, *Kortfattet redegjørelse for det dansk-norske målstrev*, 1887.

¹⁵ Jf Jahr 2014: 40 f.

¹⁶ Jf «vi ere en Nation vi smaa».

¹⁷ Jahr 2014: 79: “After the reforms to Dano-Norwegian in 1907, the nation faced a situation whereby it now had to accommodate two distinct and officially recognized written standards, both of which differed from Swedish and Danish standards. Before then, it could be claimed that only one clearly Norwegian standard existed, that is, Landsmaal, since the other was only slightly different from the Danish written in Denmark.”

¹⁸ Jahr 2014: 55: “Only when the Landsmaal project became an imminent threat as a result of the political development of the 1870s and 1880s did Knudsen’s language programme finally become more acceptable to the upper-middle classes.” Også *ibid.* s.72.

¹⁹ Sørensen *ibid.* s. 389.

²⁰ Jf Jahr 1994: 45.

²¹ Gyldendal norsk forlag vart oppretta i 1925. Før det var Gyldendal eit dansk forlag.

²² Om skriftspråk og marknadskrefter frå 1850 til 1890, jf Feldbæk 1998: 398.

²³ Bjørnson gjorde felles sak med den slovakiske målrørsla, men avskydde den norske.

²⁴ Aasen var nøyne med å registrere. Alt han brukte, var registrert. Han konstruerte ikkje ord og uttrykk. Men han la vekt på dei indre utviklingstrekk i språket, frå gammelnorsk til vår tid. Påverknaden frå «sida», frå andre og nærskyldte språk (slik som dansk og tysk), vart tillagd mindre vekt. Dette språksynet kan sjølvsagt diskuterast.

²⁵ Jf Jan Terje Faarlund, “Verneverdig bokmål”, *Morgenbladet* 2.-8. juni 2006, s. 16. Jahr 2014: 4: “In Norway, the Nynorsk standard has always been regarded by a majority of people as the odd one out, a special case, ‘constructed’ and ‘artificial’ in nature. Bokmål, on the other hand, is generally seen as the ‘natural’ and ‘obvious’ language choice. However, from a more global perspective, there is no doubt that Bokmål is the more unusual case, in part due to its special history. There is no known parallel to Bokmål in any part of the world.”

²⁶ Konfirmasjon vart obligatorisk i 1736, og var det hos oss fram til 1912. Pontoppidan (1698-1764) var ein interessant person. Biskop i Bergen 1745-1754. Skreiv om mange emne, m.a. om norsk språk og norske naturforhold, gav ut ein fiktiv reiseroman, *Menoza*, om ein asiatsk prins som reiser rundt i verda på sok etter sann kristendom, og redigerte dansk-norsk økonomisk magasin i 8 bd. Ein tru tenar av den dansk-norske statspietismen, men samtidig ein aktiv opplysningsmann.

²⁷ 759 spørsmål og svar, som skulle puggast og lærast, på dansk. (Tungnemme kunne få visse fritak.)

Teksten er dels endefram og resonnerande, dels tidsbestemt og merkverdig: **213. Hvad Ont forbydes os i det siette Bud?** Horerie, Ukyshed, Blodskam, bæstisk Utugt, Legemets Besmittelse, Ægte-Stands Foragt, Lyst til fremmed Deylighed og alle-haande Urænlighed i Tanker, Ord, Gebærder og Gierninger baade i og uden Ægte-Skab. ... **225. Hvad er der mere, som kan friste til Ukyshed?** Ørkesløshed, liderligt Selskab, Romaner og løsagtige Elskovs-Bøger eller Billeder, letfærdige Leuge, Dands, Skue-Spil og alt det, som føder Øyens-Lyst, Kiøds-Lyst og et overdaadigt Levnet. **226. Hvad for gode Tanker kan være beqvemme til at dæmpe de kiødelige Fristelser?** At man ihukommer den allerhelligste Guds Aasyn og Nærværelse, den korsfæste Jesum i sin legemlige Pine, de Fordømtes gruelige Smerte i Helvede, og den urene Synds korte Glæde efter det bekiednte Vers: Du skal og ey bedrive Hoer, det monne så mangen Daare, Ukysheds Synd den snart forgaaer, men Pinen længe varer.

²⁸ *Gefundenes Fressen* for samfunnskritiske Foucault-inspirerte intellektuelle – dersom dei hadde brydd seg om norsk historie og kvardagsliv.

²⁹ Slik Max Weber ser det, i kontrast til Foucault.

³⁰ Jf Skirbekk 2010.

³¹ Danskanne bytte ut Pontoppidan med *Biskop Balles lærebo* i 1794, men hos oss var Pontoppidan i bruk utover heile 1800-talet og endå lenger. I visse kyrkjesamfunn skal boka vere i bruk den dag i dag.

³² Feldbæk 1988: 398.

³³ Amalie Skram har denne innskrifta på gravsteinen: "Dansk Borger, dansk Undersaat og dansk Forfatter."

³⁴ Jens Arup Seip 1981: 21-22.

³⁵ Sørensen 2001: 389.

³⁶ Som nemnt, i jamstillingsvedtaket frå 1885 bruker ein nemninga “vort almindelige Skrif- og Bogsprog”. Språkforskarane Hjalmar Falk og Alf Torp bruker nemninga dansk-norsk: *Dansk-norsk lydlære*, 1898, og *Dansk-norsk syntax*, 1900.

³⁷ Etter Oslo-vedtaket i 1939.

³⁸ Med unntak av bergensk, som til gjengjeld har «eg, meg og ikkje», og det som verre er.

³⁹ Til samanlikning: Aksjonen mot utdeling av kondom til norske soldatar i Tysklandsbrigaden i 1947 gav 440.000 underskrifter (NRK.no *Store norske*). Aksjonen mot liberalisering av abortlova i 1974 gav 610.000 underskrifter.

⁴⁰ Jf t.d. Jahr 2014: 135-6: «Some of the means employed by the Riksmål supporters in their struggle were very insensitive. For instance, only a decade or two after Nazi atrocities had taken place in the country, young high-school Riksmål supporters threw school textbooks onto bonfire because they were written in Radical Bokmål, which was branded as ‘pan-Norwegian’ [samnorsk] by Riksmål advocates. The first of these book burnings occurred in 1956, the final in 1963 Many Riksmål supporters were not able to see that this was a totally unacceptable form of action, with unpleasant recent associations. The poet André Bjerke (1918-85), one of their ideological leaders and the founder and editor of their magazine *Ordet*, actually wrote enthusiastically about this deed – one of his articles carried the title ‘Books as fuel for the bonfire!’ [“Brennstoff til et bokbål”, i *Hårdt mot hårdt*, utgitt av Riksmålsforbundet, 1963, s. 81.89].” Om bokbrenning, sjå også Kjartan Fløgstad, *Brennbart*, Oslo 2004. Av nyare dato, bokbrenning ved Harald Hove (H) i 2005, jf ftn 51.

⁴¹ Jahr 2014: 134: “Riksmål supporters saw it as totally unacceptable that the current official Bokmål standard required their children to use forms which they had always considered ‘sloppy’, ‘ugly’ and even ‘vulgar’. Riksmål supporters could not or would not recognize that this view point implied the social denigration of speakers who used these so-called ‘vulgar’ forms in their every day speech.” *Ibid.*, 134: “The sociolinguistic aspect of the conflict was obvious, but mostly denied by the Riksmål supporters.”

⁴² Og at det er problematisk å omtale norsk språkhistorie på 1700- og 1800-talet som «fri sprogutvikling».

⁴³ Kva slag utdanning og yrkeserfaring? Kva med kjennskap til og vennskap med folk frå andre miljø og andre sosiale klasser, og frå andre delar av landet? Kva med kjennskap til politisk språkhistorie?

⁴⁴ Ein sentral aktivist og organisator, Sofie Helene Wigert (1913-1989) kom frå ein shippingfamilie (Olsen) og var sjølv skipsreiar, og ho var i første ekteskap gift med redaktören i Aftenposten, J.S. Huitfeldt. Ho var redaktør for *Frisprog* (1953-1981), som fekk støtte frå sentrale aktørar i næringslivet, som annonseerte regelmessig i *Frisprog*. Ho vart heidra som riddar av St. Olavs orden. Eller Henrik Groth (1903-1983) – kjend for utsegna om to fatale ulykker i fedrelandet: svartedauden og Ivar Aasen – direktør for Cappelen forlag (frå 1947) og formann i Den norske bokhandlerforening og formann i Den norske forleggerforening, styremedlem og seinare viseformann i Nationalteatret, omtala som «den ledende forlagsmann i norsk historie» (ved sida av Harald Grieg, sitat Wikipedia), tildelt Fritt Ords Pris i 1977, Riksmålsforbundets litteraturpris i 1980, riddar av 1. klasse av St. Olavs orden. – Kva seier dette om makt i form av nettverk og sosial kapital? (Jf Bourdieu.) Noko å forske på?

⁴⁵ Og kva med forhandlingane (bak stengde dører) mellom riksmålsfolk og sentrale personar i Arbeidarpartiet, då aksjonen fekk politisk omfang og leiinga i Arbeidarpartiet ville ha språkfred (med tanke på neste val)? Jf Trygve Bull 1980: 250.

⁴⁶ Jf Bourdieu om klassemakt i form av markering nedover (*distinction*).

⁴⁷ Det einaste eg har greidd å finne, er nokre filologiske tekstar.

⁴⁸ Seier det noko om tabuisering? Om språkleg blindsak og einsidig danning? Om snever rekruttering og sosial erfaring? Og om mangel på sjølvkritisk refleksjon?

⁴⁹ Jf Arnulf Øverlands merkverdige omtale av eit merkeleg i brev, i *Bokmålet – et avstumpet landsmål*, 1949, s. 11-13; kommentar i neste avsnitt.

⁵⁰ Jahr 2014: 133: “The political right and private enterprise supported the Riksmål movement, private enterprise contributed to it financially, among other ways by advertising in every issue of the Riksmål movement’s publications *Frisprog* (*Free Language*) and *Ordet* (*The World*).”

⁵¹ Jf BA 12.08.2005: «*Harald Victor Hove (H) brenner nynorskbøker for å vinne unge velgere.* Nå er det laget tre reklamefilmer som skal bidra til at 22-åringen får en plass på Stortinget. Ungdomskandidaten på femteplass går til angrep på bilavgifter, spritforbudet til alle under 18 og nynorsk sidemål. I en av filmene kaster han Alf Helleviks gamle Nynorsk ordliste i et brennende oljefat. – Det er den gule, ja. Spynorsk mordliste, som vi kalte den, hehe. Jeg brenner den for å vise at vi vil ha bort tvungent sidemål. Nynorsk er et problem for mange som prøver å lære seg å skrive godt norsk, sier den unge Høyre-politikeren. Filmene er ment å gjøre inntrykk på unge velgere. – De skal kanskje vises på Bergen kino. I alle fall skal de legges ut på min hjemmeside, stemharald.no, som er oppe og går på mandag, sier Hove.» Hove er i dag byråd for skule i Bergen, vald inn av regjeringspartiet Høyre. - Men gode rykte vil ha det til at Hove med åra har vendt om. Slikt skjer. Som då tidlegare formann i Bergen Riksmålsforening, Knud Blaauw, tok overgang og melde seg inn i Noregs Mållag. For Bergen er mangfaldig, på måtar som ikkje alltid blir forstått av folk rundt Oslo-fjorden. Som då bergensentusiasten Sjur Holsen gjekk inn for Bergen som «nynorskens hovedstad» - «her nyttar me nynorsk, her er me annleis» (*De hårsåres diktatur*, 2013, s. 43ff). Eller erkebergensaren Arild Haaland som var æresmedlem i Vestmannalaget, med diplomet hengande ved inngangen til kontoret.

⁵² Øverland, *Bokmålet – et avstumpet landsmål*, 1949, s. 51.

⁵³ Øverland, *Hvor ofte skal vi skifte sprog?*, 1948, s. 29.

⁵⁴ Jf ftn. 49 ovanfor.

⁵⁵ Langslet, *I kamp for norsk kultur*, 1999, s. 188.

⁵⁶ *Klassekampen* 21. april 2014.